

MØTEREFERAT 31. oktober 2023

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 31. oktober 2023 17.00-18.00 gammalt og nytt sokneråd saman 18.00-19.00 Nytt sokneråd
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Reidar
Kaffi:	Marta Kristin og Oddbjørg

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Møtte: Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg Løkling, Heine Kaldefoss, Jens Arne Stautland, , Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Randi Bod Haugsdal, Tormod Stautland, Ida Elin Tvedt, Sigrid Theodorsen Langøy, Bjarne Petterteig, Guro Betten, Marit Magnussen Romfog, Reidar Ådnanes, Fridleif Lydersen.

Møtte ikkje: Katrine Valvatne Kvernenes, Kristine Wiersen, Ståle Betten, Wenche Elin Midttun, Roald Sangolt, Fridleif Lydersen.

SAKLISTE

2023/35 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Godkjent.

2023/36 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 21.09.2023

Vedtak: Godkjent. Etter møtet 21.09. vart det bestemt at basaren vert utsatt til 16. mars.

Samtale: Ein runde der alle gamle soknerådsmedlemmer seier **kort** korleis dei har opplevd å vera ein del av Nysæter sokneråd, med dei oppgåvene det inneber. Ein samtale om oppgåvene i soknerådet

Dei som har vore med i soknerådet 19-23. Fortalde litt kva dei har gjort i soknerådet. Fleire trakk fram at det var kjekt å vera med i soknerådet. Godt miljø i rådet. Lett å ta ordet og lett å bli høyrt. Meiningsfylt å få vera med. Fleire har lært mykje gjennom arbeidet.

2023/ 37 - 310 Gudsteneste 5. november

Saksutgreiing: 5. november har Reidar si siste gudsteneste som sokneprest i Nysæter kyrkje. Korleis skal det markerast?

Vedtak: Soknerådet lagar til kyrjekaffi med kake. Oddbjørg takkar Reidar for tenesta. Oddbjørg og Marit er med å lagar til kyrjekaffi.

2023/38 - 310 Gudsteneste 12. november

Saksutgreiing: Gudsteneste med innsetjing av Fridleif Lydersen som sokneprest. Og presentasjon av nytt sokneråd. Korleis skal det markerast?

Vedtak: Soknerådet lagar til kyrjekaffi med kake. Ein frå det nye soknerådet ynskjer velkommen til Fridleif. Heine presenterer det nye soknerådet. Guro og Ingebjørg er med å lagar til kyrjekaffi.

2023/39 - 002.3 **Konstituering**

Saksutgreiing: Saman såg me filmen "Introfilm til nye menighetsråd" som innleiing. Vidare var det ein god samtale om kva verv kvar enkelt kan tenkja seg å vera ha. Denne samtalen vart ikkje ferdig. Og vil fortsetja i neste møte. Berre nestleiar vart klar i dette møtet.

Vedtak: Heine kaldefoss vert nestleiar i Nysæter sokneråd

2023/40 - 002.3 **Møteplan for Nysæter sokneråd fram til sommaren**

Saksutgreiing: Det var ein god samtale om kva møtetidspunkt som vil passa best for medlemmene i Nysæter sokneråd. Denne samtalen vart ikkje ferdig. Sidan soknepresten ikkje var til stades, var det vanskeleg å konkludera. Det vart heller ikkje satt opp møtedatoar for neste halvår. Neste møte vart bestemt.

Vedtak: Neste møte i Nysæter sokneråd vert 5.12. kl 17.00-19.00i Nysæter kyrkje.

- **Generell informasjon**

1. Oddbjørg og Katrine orienterer frå trusopplæringsutvalet. Dei har hatt møte med ny møblering av leikekrok. Dei gjekk og gjennom lister
2. Ikkje mykje nytt å fortelja frå staben.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat frå Stord sokneråd 21.09.23
2. Referat frå Stord sokneråd 19.10.23

Marta Kristin Valvatne
soknerådsleiar
sign.

Brynhild Meyer Stautland
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd
Tid: Tysdag 5.12.23 kl17.00-19.00
Møtestad: Nysæter kyrkje
Opning:
Kaffi:

